



DET KONGELEGE KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Fylkeshuset, Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Dykkar ref

Vår ref

Dato

17/3911-12

4. mai 2018

Overslag på ferjeavløysingmidlar for Atløysambandet

Vi viser til brev frå Sogn og Fjordane fylkeskommune datert 30. august 2017 med søknad om førehandsavklaring for ferjeavløysingsprosjekta Ytre Steinsund og Atløysambandet. Samferdselsdepartementet gav i brev av 26. september 2017 svar på at begge sambanda fyller kriteria for å kome inn under ferjeavløysingsordninga, jf. punkt 4.1 i retningslinjene for ordninga. Sogn og Fjordane fylkeskommune gav i brev datert 12. februar 2018 nye opplysingar om endringar i vegnettet for Atløysambandet, basert på seglingshøgde på 42 meter.

Atløysambandet skal avløyse strekningen Askvoll–Gjervik. Sogn og Fjordane fylkeskommune opplyste i brevet av 30. august 2017 at det vil bli vurdert å leggje ned Fure ferjekai, og ber departementet vurdere størrelsen på ferjeavløysingsmidlane med to alternative restsambandsstrekningar: Askvoll–Fure–Værlandet og Askvoll–Værlandet.

Ferjeavløysingsordninga gjeld for fylkeskommunale ferjesamband som blir avløyst eller korta inn av eit fylkeskommunalt vegprosjekt (jf. punkt 3.1 i retningslinjene for ordninga). Nedlegging av eit ferjesamband eller ein ferjestrekning, utan at det blir erstatta av ein ny veg, er ikkje omfatta av ordninga. Ferjeavløysingsmidlane for Atløysambandet vil derfor bli rekna ut på bakgrunn av ei innkorting av ferjesambandet Askvoll–Gjervik–Fure–Værlandet med strekningen Askvoll–Gjervik. Dersom Fure ferjekai blir lagt ned, vil det ikkje påverke ferjeavløysingsmidlane (men det vil kunne påverke dei normerte ferjekostnadene for ferjesambandet i utgiftsutjevninga).

Utrekning av ferjeavløysingsmidlar

Det årlege beløpet med ferjeavløysingsmidlar blir rekna ut på bakgrunn av tap innanfor inntektssystemet når eit ferjesamband blir avløyst eller korta inn av eit vegprosjekt. Tapet blir

Postadresse
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.kmd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org no.
972 417 858

Avdeling
Kommunalavdelinga

Saksbehandlar
Sissel Ferstad
22 24 67 06

rekna ut ved å sjå på nettoeffekten av å endre kriteriedata i utgiftsutjamninga i inntektssystemet (jf. punkt 5.1 og 5.2 i retningslinjene for ferjeavløysingsordninga). Avløysing eller innkorting av eit ferjesamband vil gje ein lågare verdi på kriteriet "normerte ferjekostnader" i båt- og ferjenøkkelen, mens det nye vegnettet vil gje auka verdi på kriteriet "fylkesvegfaktor drift og vedlikehald" og "veglengde". Ferjeavløysingsmidlane blir altså rekna ut som nettoeffekten i utgiftsutjamninga av desse endringane.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har rekna ut eit overslag på årlege ferjeavløysingsmidlar med utgangspunkt i inntektssystemet og kriteriedata for 2018. Utrekninga viser at Atløysambandet kan utløyse om lag 27,8 mill. kroner i årlege ferjeavløysingsmidlar viss det ligg føre ein endeleg søknad i løpet av inneverande år. Sjå vedlagt dokumentasjon for nærare informasjon om prinsippa for utrekning av ferjeavløysingsmidlar og talgrunnlaget som er brukt i utrekninga.

Vi presiserer at dette berre er eit førebels overslag i samband med førehandsavklaringa av om prosjektet kjem inn under ordninga. Det faktiske beløpet med årlege ferjeavløysingsmidlar og lengda på utbetalingsperioden, vil bli rekna ut når fylkeskommunene har sendt endeleg søknad, og når Samferdselsdepartementet har tatt endeleg avgjerd i saka. Utrekninga kan endre seg om det skjer større vesentlege endringar i vegprosjektet. Eventuelle endringar i inntektssystemet og/eller kriteriedata kan òg ha konsekvensar for utrekninga av ferjeavløysingsmidlane. Ny ferjestandard kan vere eit døme på det. Endeleg utrekning kan derfor gje eit anna resultat.

Vi vil òg minne om at fylkeskommunen i sum ikkje skal få meir i kompensasjon enn byggjekostnadene for vegprosjektet (jf. punkt 5.4 i retningslinjene). Renteutgiftene til eventuelle lån for å finansiere prosjektet blir ikkje dekte av ordninga. Dette inneber at samla utbetaling i nominelle kroner ikkje skal overstige dei nominelle byggjekostnadene. Meirverdiavgiftskompensasjonen og eit eventuelt finansieringsbidrag frå bompengar blir trekt frå byggjekostnadene ved fastsetjing av berekningsgrunnlaget.

Vidare prosess

Overslaget på 27,8 mill. kroner i årlege ferjeavløysingsmidlar er eit førebels overslag. Det faktiske beløpet med årlege ferjeavløysingsmidlar og lengda på utbetalingsperioden vil bli rekna ut etter at fylkeskommunen har sendt endeleg søknad (jf. punkt 4.3 til 4.5 i retningslinjene) og når Samferdselsdepartementet har handsama saka endeleg (jf. punkt 4.6 i retningslinjene).

Med helsing

Grete Lilleschulstad (e.f.)
underdirektør

Sissel Ferstad
seniorrådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrive signaturar

Vedlegg

Dokumentasjon av utrekning av ferjeavløysingsmidlar for Atløysambandet
Brev frå Statens vegvesen med MOTIV-tal for Fjelbergsambandet

Kopi

Samferdselsdepartementet